



**SKRIV ALVORLEG:** – Det er knytt ei skam til å bli mobba, og sjølvsgagt vil foreldre helst tru barnet når det seier at det ikkje blir mobba. Og for barnet er er enklaste å seie nei, seier Rønnaug Kleiva. Ho har skrivne barne- og ungdomsbok om mobbing.

FOTO: GUNHILD AASLIE SOLDAL

## BARNEBØKER

# Etterlyser meir alvor

Barneombod Reidar Hjermand etterlyser barnebøker med alvorlege tema. Han meiner dei kan vere viktige når vanskelege situasjonar oppstår.

Det er ikkje alltid lett for eit lite barn når nokon døyr, om foreldra skil seg eller å bli erta på skulen. Det er heller ikkje alltid lett for foreldre å vite korleis ein skal gripe ein situasjonen.

Reidar Hjermand meiner barnebøker om alvorlege tema kan vere ein verdifull måte å ta opp situasjonen på.

– Helst skal ein kunne snakke om alt, men nokre gonger blir det vanskeleg. Samlivsbrot og alvorleg sjukdom er som oftast vondt for dei vaksne også. Målet må vere at bøkene blir lest for eller av barn, og at det kan bli diskutert etterpå, seier Hjermand.

### Perspektiv med innsikt

Han meiner fortrinnet med kunst og skjønnlitteratur er at den gir andre innfallsvinklar enn i andre meir moraliserande kanalar.

Hjermand etterlyser særleg bøker om psykiske problem hos foreldre, og om incest.

– Det finst mange gode bøker som tek opp skilsmisse, vald og mobbing, men vi absolutt treng fleire som kan behandle slike tema litterært, seier Hjermand.

### Gjenkjennande

Forfatter Rønnaug Kleiva har fått svært gode kritikkar for barneboka «Andre sida av Paris», som kom i haust.

Her møter vi Susi, som bur i ein bygdeby saman med mor si og har ein far ho ikkje ser så ofte. Ho går på ein heilt vanleg ungdomskule og er ei heilt vanleg jente. Men det er ikkje alltid like lett å vere heilt vanleg heller. Både ho og mora blir mobba på kvar sin kant.

Hadde vi endå budd i Paris, tenker Susi, då kunne vi ha flytta

til andre sida av byen og starta på nytt.

– Barn vil lese om ting dei kjenner seg igjen i, og mobbing er noko alle er involverte i. Alle veit at det skjer, og det skjer overalt, seier Kleiva.

### Skam

Ho har gått med tanken på å skrive om mobbing i skjønnlitterær form lenge. I 20 år har ho samla utklipp frå aviser om fenomenet.

Kleiva er overtydd om at å lese ei bok om alvorlege tema som dette kan vere av like stor verdi som samtalen mellom foreldre og barn.

– Det er knytta ei skam til å bli mobba, og sjølvsgagt vil foreldre helst tru barnet når det seier at det ikkje blir mobba. Og det er enkelt å seie nei.

– Samstundes vil foreldre være stolte av at dottera eller sonen «ruler» på skulen. Det er nødvendigvis ikkje eit godt teikn, påpeiker ho.

Kleiva meiner solidaritet med barnet og positive vaksenbilette er viktig i denne typen bøker.

Ho håpar at boka hennar får bå-



**Målet må vere at bøkene blir lest for eller av barn, og at det kan bli diskutert etterpå.**

Reidar Hjermand, barneombod

de barn og vaksne å sjå seg rundt kva som skjer.

– Målet er å utvide erfaringsgrunnlaget til dei som les ho. Same om ein mobbar, blir mobba eller står på sidelina er ein involvert i mobbing. Solidaritet med barnet og positive vaksenbilette har vore viktig seier Kleiva.

GUNHILD AASLIE SOLDAL  
gunhild.soldal@nationen.no